

ÅRSMØTE I VENELAGET OLAV H. HAUGE 2024

Tid: laurdag 14. september kl. 15.15

Stad: Olav H. Hauge sin heim, Rossvoll i Ulvik

Tilstade: 22 medlemmer

Sakliste

1. Dagsorden og innkalling vart godkjent utan merknad
2. Val av forretningsorden vart:
 - Dirigent Alf Gunnar Eritsland
 - Referent Marit Hafting
 - Underskrift Eli Lillebø og Håkon Gjerde
3. Årsmelding 2023 – 24.
 - Framlegg til vedtak: Årsmøtet vedtok årsmeldinga for 2023-2024 med fyljande merknader og kommentarar:
 - Rett mailadresse: Ved purring på medlemspengar er det viktig at Venelaget får tilsendt rett mailadresse på medlemmene/ event. ettersendt ved skifte. Venelaget treng i tillegg mailadresse til medlemmene for å kunne kommunisere med dei.
 - Rett postadresse: For å hindre at Venelagshefta ikkje kjem i retur, er det viktig at medlemmene oppgir rett postadresse og eventuelle endringar og er klar over at Postverket nå krev at alle postkassar har namn.
 - Heimesida: Samarbeidet med Haugesenteret/ Nynorsk kultursentrum om felles løysing om heimeside held fram. Ei mogleg løysning kan vere at Venelaget har eige heimeside med lenke til Nynorsk kultursenter/ Haugesenteret.
4. Rekneskap 2023 – 24
 - Vedtak: Årsmøtet godkjente rekneskap og revisjonsmelding for 2023-2024
5. Kontingent.
 - Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegg frå styret om å halda fast på dagens kontingent for medlemmer kr. 250 pr. år.
6. Val
 - Noverande styret:
 - Ågot Gammersvik, styreleiar
 - Guri Hjeltnes, nestleiar
 - Marit Hafting
 - Torbjørn Ljones
 - Nils Vidar Vambheim
 - Alf Gunnar Eritsland, vararepresentant
 - Ingebjørg Winjum, vararepresentant
 - Sekretær for valnemnda Nils Vidar Vambheim la fram framlegg til styre for 2024 – 2026:
 - Ågot Gammervik, leiar – vedtatt
 - Guri Hjeltnes – styremedlem
 - Nils Vidar Vambheim – styremedlem
 - Alf Gunnar Eritsland – styremedlem
 - Ingebjørg Winjum – styremedlem
 - Håkon Gjerde – varamedlem
 - Ådne Sandvik Dyrnesli – varamedlem

Anders Opheim held fram som kasserar

Benkeforslag: Nils Vidar Vambheim og Håkon Gjerde bytter posisjon; dvs. at Håkon Gjerde går inn som styremedlem og Nils Vidar Vambheim blir varamedlem.

Framlegg til styre frå valmenmda med endringsframlegg vart vedtatt.

Styret konstituerar seg sjølv.

7. Val av ny valnemnd

Noverande valnemnd; Nils Vidar Vambheim, leiar, Magne Velure og Torunn Hovland Ljone.

Framlegget frå styret om gjenval vart vedtatt.

8. Nye statuttar for Amboltprisen

Styret har arbeid fram reviderte statuttar for tildeling av Amboltprisen.. Desse var vedlagt.

Vedtak: Årsmøtet vedtar nye statuttar for tildeling av Amboltprisen.

9. Val av nemnd for tildeling av Amboltprisen for 2024 – 2028.

Styret har arbeidd ut framlegg til ny nemnd for tildeling av Amboltprisen:

Eirik Vassenden

Alf Gunnar Eritsland

Jens Morten Haukaas

Alle er forespurde og har takka ja.

Vedtak: Årsmøtet vedtar framlegg til nemnd for tildeling av Amboltprisen.

10. Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker innan fristen 30.08

Voss 15.09.24

Marit Hafting

Referent

Signatur: Håkon Gjerde

Signatur Eli Lillebø